



Resolusjon: Ja til lengre opningstider for universitetsbiblioteka

Studentar er ulike, og krev ulike løysningar. Nokre studentar les i kvardagen, andre nyttar helga. Det bør i større grad leggast til rette for at biblioteka ved kvart fakultet har opningstider som gjer at studentar har tilgang til god faglitteratur også i helgene. I dag har ein eit godt tilbod i vekedagane ved dei fleste fakulteta, men ikkje eit reelt helgetilbod utover eksamensperioden. Helgetilbodet i eksamensperioden er også berre gjeldande for biblioteket for humaniora, og Studentparlamentet trur det vil vere høveleg å legge til rette for ei slik ordning ved dei andre fakultetsbiblioteka.

Vidare har ein fått gode tilbakemeldingar på laurdagsopne bibliotek ved bibliotek for humaniora, og i den samanheng ynskjer Studentparlamentet at ordninga skal utvidast til å gjelde heile semesteret. Det er viktig at studentar har høve til å studere i helgene også, spesielt då mange fakultet har eksamensperiodar utanom 20. april – 4. juli.

Studentparlamentet meiner:

- UB bør ha ei prøveordning for utvida opningstider ved andre fakultetsbibliotek enn biblioteket for humaniora i eksamensperioden.
- UB bør utvide tilbodet om laurdagsopne bibliotek. Biblioteka bør vere laurdagsopne gjennom heile det akademiske året.

Vedtatt på SP08 – 14/15 21.04.2015